



Referat frå møte nr 3-2026 i Stamnes og Eidsland sokneråd
tysdag 21.4.2026 kl 17.-19 i sakristiet i Stamnes kyrkje.

Frammøtte: Monica M. Dyvik, , Vivian Farestveit, Anne Margrethe Eikefet,
Eidrun S. Normann, Olaug L Stamnes og Bjørn Stamnesfet.

Forfall: Bjørn Samuelsen, Eli Marit Hvidtsten, Fredrik Hope (sjukemeldt) og
Roar Petter Strømme (geistleg representant ,vikar for Fredrik Hope).

Sak 19/26: **Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå siste møte.**
(møte 2-2026. *Referatet er vedlagt*). Godkjendt.

Sak 20/26: **Kyrkjegardsdagane 2026.**

- Dag/dato for kyrkjegardsdagane: Bestemt **6.05 kl 16-18 på Stamnes, 7.05 kl 16-18 på Eidsland.**
- *For Stamnes:* Anne Margrethe har snakka med Hageland på Voss om dei har høve til å stilla med blomebil/sal, og dette var dei svært positive til. Anne Margrethe tek nærare kontakt med dei og gjer avtalar. Stad/plassering av salgsbilan: på plassen mellom kyrkja og bedehuset, ikkje ved Sveabrekka som tidlegare.
- *For Eidsland:* Anne Margrethe har vidare snakka med Astrid F. , som har selt blommar tidlegare, og ho kan ordna med blomesalget på Eidsland. Anne Margrethe har også her kontakten/gjer avtalar m Astrid.
- *Servering:* Eidrun ordnar med mjølkekaker m tilbehør, fleire i rådet tek med ei kanne kaffi.
- *Plakatar og evt annonsering:* Kyrkjekontoret.
- Det er ynskjeleg at *kyrkjevevja* kan vera med om mogleg, for å svara på spørsmål som brukar å dukka opp, også frå oss i rådet.

Sak 21/26: **Fasteaksjonen 2026, tilbakemeldingar.**

- E-post 8. april frå Roar, **sitat:**
I følgje Fasteaksjonen si heimeside vart resultatet i Vaksdal:
Vaksdal sokn: 23161
Dale sokn: 16226
Stamnes og Eidslandet: 5096
Dei andre sokna: 0.

Til saman: 44456 **Sitat slutt !!**

Oppteljing av kontantar i bøssene etter innsamlinga tysdag 24.mars på Stamnes viser kr. 6.407,- Kva sum det er vist til hjå Kirkens nødhjelp hadde vore kjekt å visst, vipps, anna ??

- Då det ikkje var konfirmantar på Eidsland, vart det ikkje samla inn via bøsser der i år. Men det kom eit forslag om å ha eit offer frå ei gudsteneste der til Kirkens nødhjelp merka «Fasteaksjonen» som ei «erstatning» for innsamlingsaksjonen.



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 3-2026

Sak: 19 - 27

Neste gudstenesta på Eidsland er 17.mai, og siste i dette halvåret med offer. Kva gjer me, og eventuelt når ??

- Me mistenkjer at den summen som er oppført på vårt sokn kan vera Vipps- pengar. Summen som vart sett inn på oppgitt konto for aksjonen for oss, var kr 6407,- . Den kan me ikkje sjå /finna att nokon stad. Me dei to summene samla, utgjer det om lag ein tilsvarande sum som tidlegare år frå vårt sokn.

Vedtak: Endra offer 17.Mai på Eidsland til Kirkens Nødhjelp (frå før står det Trusopplæringa).

Sak 22/26: Gudstenestene i påsken, tilbakemeldingar.

- E-post frå Frode K vidaresendt oss frå Roar, **sitat:** Er dette interessante tal?

Gudsteneste-deltaking i påska 2023-26

Dag	2023	2024	2025	2026
Palmesøndag	Ek 13	D 25	Ek 20	D* 69
Palmesøndag	V* 40	Ek 8	V 28	Ek 21
Skjærtorsdag	Ei 14	S 18	Ei 18	S 42
Skjærtorsdag	D 24	V 25		V 31
Langfredag	V 22	Ei 10	V 24	D 35
Langfredag		D 22	S 22	
Påskedag	N 49	N 46	N 53	N 44
Påskedag	S* 58	S 55	D 53	S 47
Påskedag	B* 56	B 40	B 29	B 32
Total	276	249	274	321
Snitt	34	27	34	40

* gudsteneste med dåp

Då kan dei snakkast om i staben, og gjerne meldast til sokneråda. Oversikta fint som eit dokument i mappa Statistikk.

Då eg har samla og rekna på tala på eiga hand er det sjanse for at ikkje all tal er korrekt.

Det er berre fint om nokon vil etterprøve oversikta.

Med venleg helsing

Frode

Telefon: 90 19 65 14 **Sitat slutt !!**

- Me ser på talet for samla snitt som gledelege! For Stamnes sin del, vart særleg Skjærtorsdagsgudstenesta med frukost i forkant, opplevd som ekstra fin. Fellesskapet med måltidet og låg terskel for å bevega seg i kyrkjerommet har me fått gode tilbakemeldingar på. Og vandrenattverd med mange nattverdsgjester, gjorde at rådet ønskjer å vidareføra linja med nattverd på denne måten, samt måltid i kyrkja. Alt til hausten, ønskjer me å gjennomføra kveldsgudsteneste (evt familie-?) med kveldsmat, på høvande dag.
- Fellesgudstenesta 1.påskedag, var også ei fin oppleving, men kunne nok vore større deltaking frå både vårt og frå dei andre sokna.



Sak 23/26: Prosesjonskors.

Me er svært glad for det fine og høvande krossen som Kjell Leiren (sjølve krossen) og Johan Fossmark (foten) har laga. Krossen laga i spleisa tauverk, er av tau frå den gamle sandskøyta «Havblik». Alt materialet er gjenbruk. Krossen sto framme i kyrkja frå skjærtorsdag, og vart også presentert for kyrkjelyden då. Berre gode og positive kommentarar! Me er svært takksame for dei to som har utforma og laga krossen, og me gler oss til å ta den i bruk i konfirmasjonsgudstenesta 10 mai.

Vedtak: *Eidrun skriv ein formell søknad om godkjenning, og Bjørn sender vidare til rette vedkomande.*

Sak 24/26: Saker til / frå Fellesråd og arbeidsutvalg. v/ Anne M / Eli Marit.

- Aktuelle punkt som gjeld «oss» frå sist møte.
- Eventuelt anna.
- Navna minnelund på Stamnes, *diskusjon?*

Her vart det orientering om ulike utformingar og moglegheiter v/leiar Bjørn, og rådet er særst positive til å få ein navna minnelund på gravplassen på Stamnes. Alle som var til stades, ønskte ein navna minnelund for urner, for minimum 20 namn, og gjerne inne på eksisterande gravfelt der det kan vera plass til det. Då slepp ein ekstra opparbeiding/ evt utskifting av masse.

Sak 25/26: Val 2027

- E-post med link til artikkel der kirkemøtet har beslutta at valet i 2027 skal vera digitalt. Diskusjon ??

Soknerådet er sterkt kritisk til at det berre skal vera digital stemming ved neste val. Me tenkjer at det vil utelukka ein del av den eldre garde i kyrkjelyden, og at færre vil oppsøkja val-sidene og aktivt stemma der. I førre val hjå «oss» var det avgitt 107 stemmer på papir, 61 digitalt.

Sak 26/26: Saker til / frå kyrkjeverjen/ kyrkjekontoret / ansatte.

Det er kome epost frå Fredrik Hope, som meddelte om at han diverre måtte trekkja seg frå stillingen sin som sokneprest for Vaksdal-, og Stamnes og Eidsland sokn. Me vil gje uttrykk for at me er lei oss for at Fredrik måtte «kasta inn handkledet». Me lærte å setja pris på presten/personen Fredrik på den stunda han var hjå oss, og me kjenner at det blir eit sagn at han ikkje kjem tilbake her. Det er nok særleg på grunn av at han vart ordinert i kyrkja her, og me kjenner på at Fredrik høyrer litt ekstra til her. Så ønskjer me sjølv sagt alt godt vidare når det gjeld utfordringane han og familien har. Me vil hugsa på dei i tankar og bønner.

At Ruben Gjertsen også sluttar etter sommaren, vert også spesielt.

Særleg Barnekoret vil sakna Ruben. Samarbeidet i barnekoret har vore svært godt, og han må ha ei stor del av takken for at koret har hatt ei så god utvikling siste åra. Det vert ikkje lett å få ei fullgod «erstatning» for han. Og med så mange fine musikalske opplevingar som han har gitt oss, kjem han til å bli sakna.

Me visste ikkje at det kunne koma så mykje fin musikk frå vårt orgel!

Me reknar med at utlysing av stillingar og tilsetjingsrutiner vert å koma tilbake til.



Sak 27/26: Neste møte vert 26. mai kl 17-19 i sakristiet på Stamnes som vanleg.

Eventuelt.

- Vandrenattverd. Dette har soknerådet snakka uformelt om ved fleire høve. Me ser at når det er vandrenattverd, verkar det som om terskelen til å delta er lågare og fleire deltek. Det ønskjer me å leggja til rette for.

Vedtak: Soknerådet ønskjer at nattverd i gudstenestene vert gjennomført med vandrenattverd. På høgtidsdagar som juledag, påskedag eller etter skjøn, kan ein gjera unntak og feira nattverden ved alteret.

Oppdatere tabell for medgått tid til frivillig arbeid i soknet. Ikkje gjort i dette møtet.

Eidrun S.Normann, skrivar.

Gudstenestelister for Stamnes og Eidsland

1.halvår 2026 Stamnes

Gudsteneste	Tidspunkt	Kyrkjevert	Offer
11.01 Gudsteneste	11.00	Bjørn St.	NMS
22.02 Gudsteneste, årsmøte m/ kyrkjekaffi.	16.00	Heile rådet møter	Kyrkjelydsarbeidet
02.04 Skjærtorsdag, nattverdsgudsteneste , frukost kl 10.	11.00	Monica, Eidrun, Anne Margrethe	Barnevakten
05.04 Felles påskekudsteneste Vaksdal, Dale Stamnes/Eidsland	11.00	Vivian og Monica	Himalpartner
10.05 Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Vivian og Eidrun	Fagertun
14.05 Friluftsgudsteneste Skipshelleren, Vegen-gt	12.00	Olaug og Eidrun	Sjømannskyrkja
17.05 Festgudsteneste	12.00	Olaug	Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen.
28.06 Gudsteneste	11.00	Eli Marit	



19.07	18.00		
23.08 Konfirmantpresentasjon m Kyrkjekaffi	11.00		
27.09 Bålpannegudsteneste	16.00 ?		

Me ønskjer å ha 27.09 som bålpanne-gudsteneste, og gjerne som familiegudsteneste, om mogleg barnekoret med.

1.halvår 2026: Eidsland

Gudsteneste	Tidspunkt	Kyrkjevert	Offer
18.01 Gudsteneste v/ Frode K	15.00	AnneMargrethe Eikefet	Det NorskeMisjonsselskap (NMS)
01.03 Gudsteneste v/Strømme AVLYST PGA STENGTE VEGAR OG RASFARE	11.00	AnneMargrethe	Kyrkjelydsarbeidet
03.04 Pasjongudsteneste langfredag. FLYTTA TIL DALE pga at det ellers ville vorte 3-gudstjenester i soknet vårt i påsken.			
17.05 Festgudsteneste	12.30	AnneMargrethe	Kyrkjelydsarbeidet
29.07 Olsokstemne på Leiro	18.00		
18.10 Gudsteneste	11.00		

Stå over den føreslåtte gudstenesta 13.09 på Eidsland pga sauesanking.



**Timar utført av Soknerådsmedlemmer og andre (utanom soknerådsmøta) pr:
3.mars 2026**

Av kven:	Kva:	2026
Soknerådet	Kyrkjevertar, spøtekafe, kjøre ut kyrkjeblad, vasking og rydding / snørydding, m.m.	34 timar
Monica	Knøttesong	6 timar
Leiarar i barnekoret	Barnekorarbeid, laga til, låsa opp, delta, miniandakt m.m.	34 timar
Andre (Appia m.fl)	Klokkar	?? timar
Kyrkjegardsdagar	Stamnes og Eidsland	
Heile rådet	Basar	85 timar
Tidsbruk siste måned/periode:		
Tidsbruk pr		